

● Forskningsdagene 2019 på Dombås:

# Lærer «å nasjonalparke»

Korleis kan ein attraktiv plass å besøkje forbli ein attraktiv plass å bu?

Reiselivselevane på Dombås og Otta blei torsdag samla på vidaregåande skulen på Dombås for å lære meir om det «å nasjonalparke».

– Det er gøy å vise fram nærområdet sitt, som man kanskje tek litt for gitt nokre gonger, seier Otta-elev Mari Aas.

## Ivareta og utbyggje

Forskningsprosjektet elevane var med på heiter Bærekraftige opplevingar i reiselivet. Dei fekk høyre om viktigeheita ved å ivareta og utbyggje nærområda våre og fekk sjølv i oppgåve å lage plakatar med idear rundt nett dette.

– Det vil alltid vere ein del av vår identitet så sjølv om vi kanskje ikkje bur her i framtida, vil vi at alt skal fortsetje å vere her, seier Otta-elev Hedda Vorkinn.

– Vi må tenkje bærekraftig og at det faktisk er mulig å gjere noko for natur og miljø, seier Otta-elev Camilla Fossmo.

Formålet med prosjektet er å gi ny og grundigare kunnskap om utvikling innan opplevingar, produkt, konkurransevne, verdiskaping og å gi meir bærekraftige destinasjonar i Innlandet.

## Viktig med samspel

Prosjektet har to overordna tema. Det første går ut på kunnskapsbasert produkt- og opplevingsutvikling der dei såg på Mjøsområdet. Då spurte dei tilreisande kva som gav dei minnerike opplevingar og kva dei var bekymra for jamfør framtidige opplevingar.

Nye opplevingar og tilbud skal være basert på det dei som er tilknytt området ønsker å ha og meiner er viktig. Ønsket til prosjektgruppa er at folk skal ha lengre opphald i Dovre og difor må det jobbast med gjennomføringa av det.

– Det er viktig å vite korleis samspelet mellom for eksempel dei som jobbar på serveringsplassar og dei besøkande er. Korleis er servicen? Er dei imøtekommande? Det er her verdiane skapast, seier Breiby.

## Fokus på årdrift

Det andre temaet er bærekraftige og attraktive heilårsdestinasjonar. Plassane dei såg på her er Sjusjøen versus Renåfjellet og Granavollen med Lygna. Eitt felles case for baa tema er Dovre og Dombås, som også omfattar Dovreskogen og Dovrefjell.

– Det er vanskeleg å halde ei bedrift gåande heile året, så kunnskapen vi kjem fram til skal destinasjonen kunne bru-



**REISELIV EVIG AKTUELT:** - Ein møter på reiseliv sjølv om ein ikkje jobber med det, seier Otta-elev Hedda Vorkinn. F.v.: Mari Aas, Camilla Fossmo og Hedda Vorkinn.

ke i sine eiga strategier når dei sett opp mål og retningslinjer for åra som kjem. Ein må tenke langsiktig, seier Breiby.

## Naturen til neste generasjon

Prosjektgruppa meiner ungdom er essensielle for å oppdage, innovere og skape nye løysingar for ei meir bærekraftig reiselivsutvikling. Men dei har lite kjennskap til ungdom si bruk og haldning til nasjonalparkane.

– Vi må ta vare på naturen til framtidige generasjonar, men på grunn av endringar i naturen og miljøet no, kjem ikkje planeten våre barnebarn tek over til å vere lik den vi har i dag, seier prosjektmedlem, Eva Duedahl.

Reiseliv er med i tre av FN sine bærekraftsmål frå 2015 og spel ei viktig økonomisk rolle.

## Årleg festival

Forskningsdagene er ein årleg festival der årets tema er miljø. Eit av måla til festivalen er å styrke folk si evne til kjeldekritikk og å skape breiare engasjement for ny kunnskap.

Prosjektet i Dovre og Dombås starta for fullt i 2018 og skal vere ferdig i desember 2020. Det er eit samarbeid mellom Norsk institutt for naturforskning (NINA), Østlandsforskning og Høgskolen i Innlandet. Til saman utgjer dei Senter for



**FRAMFØRING:** Då plakatare var laga stod gruppene foran resten av klassen med ideane sine. Noko av det dei foreslo var tilrettelegging av turmål for alle, appar og målretta og grundig informasjon.

## Reiselivsforskning.

Finansieringen består i hovudsak av midler frå Kompetanse- universitets- og forskningsfondet i Oppland.

**FRIDA AMUNDGÅRD**  
frida.amundgard@vigga.no



**IMPONERT PROSJEKTGRUPPE:** - Eg er veldig imponert over at elevane har jobba med så mange bærekraftsmål på berre eit par timar, seier prosjektmedlem, Eva Duedahl. F.v.: Eva Duedahl, Monica Breiby, Sofie Selvaag og Hogne Øian.